

## Saksprotokoll

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 04.06.2018

**Sak nr.:** 18/55-11

**Internt l.nr.** 30157/18

**Sak:** 27/18

**Tittel:** **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 4. juni 2018.**

**Behandling:**

### **Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
  - a. Utdannings- og yrkesrådgjeving  
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan utdannings- og yrkesrådgiving i vgs og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.  
  
Den er enno ikkje heilt ferdig men vert levert innan 20.08.2018.
  - b. FR Reiseliv  
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan reiseliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.  
  
Dette arbeidet er så langt i rute.
  - c. HMT og inkluderande arbeidsliv  
Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvsland, orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.  
  
Dette arbeidet er så langt i rute.
2. Orientering frå leiar i kontrollutvalet
  - a. Innkalling til representantskapsmøte 08.06.2018 i Trivselshagen er motteke. Karoline Bjerkeset deltar i møtet på vegne av kontrollutvalet.
  - b. BT signal skal ha generalforsamling 14.06.18. Ingen frå kontrollutvalet skal vera til stades.
  - c. Leiar i kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune orienterte om prosess dei har hatt i høve SEKOM og Vest kontroll når det gjeld sekretariatsordning for deira kommunar. Leiar og nestleiar hadde møte med styreleiarane i selskapa 28.05.2018. Innstillinga til fellesnemnda går som kjent ut på at kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland tilrår at sekretariatsordninga for Vestland fylkeskommune skal organiserast på same måte som i dag, med eigne tilsette i fylkeskommunen. Om det skal vera eit samarbeid med SEKOM og Vest kontroll må det vera på bakgrunn av ein avtale etter ein konkurranse eller vertskommune samarbeid. Vest kontroll har gjort vedtak om at dei vil ha det som i dag. Dei er likevel i dialog med SEKOM og eventuelt andre sekretariat nordover til Møre. SEKOM har ikkje bestemt kva dei vil, men vil melde tilbake over sumaren kva dei vil gå inn for. Det er planlagt nytt møte med SEKOM og Vest kontroll til 02.10.2018.

Informasjonen frå leiar vart teken til orientering.

3. Orientering frå sekretariatet

- a. Møte i KU 28.08.2018 kolliderer med anna møte sekretariat for kontrollutvalet Hordaland fylkeskommune skal ha. For å sikre at dei eventuelt kan bistå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane i første møte etter sumarferien vart møtet endra til 06.09.2018. Møtet skal haldast i Måløy med oppmøte kvelden før. Det kan t.d. leggjast inn besøk på Måløy vgs. Sekretariatet vert bedne om å lage ei skisse til program som vert send medlemmene i utvalet til uttale før iverksetting.

Når det gjeld møtet 25.09.2018 er det ønskeleg å få til felles møte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune. Det er vanskelig for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune å endre datoen då det er kombinert med politikardagar. Utvalet er kjend med at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune etter planen skal ha møte 24.09.2018 og det er ønske om at dei kan endre til dagen etter.

- b. Folkevaldopplæring i januar 2019

Sekretariatet orienterte om at folkevaldopplæringa skal haldast i januar 2019. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane kom med slike forslag til tema: Presentasjon av case frå kvar fylkeskommune, innkjøpsrutinar og utfordringar med det, etikk, mobbing i skulen (nytt regelverk frå 2017), samanhengar og samhandling (intern kontroll), arbeidslivskriminalitet.

4. Partsbrev - Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av NDLA - Del 2

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.